



SAKSHANDSAMAR  
Sissel Carlstrøm

VÅR REF.  
13/00449-114

ARK. Forvaltningsarkivet  
351.0

DYKKAR REF.

INNVALSTELEFON

DYKKAR DATO  
31.01.2015

VÅR DATO  
23.06.2015

TELEFAKS  
+47 22 94 04 04  
postmottak@ra.no  
www.riksantikvaren.no

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

## Kulturminneplanar som verktøy for lokal verdiskaping - Sogn og Fjordane. Verdiskaping på kulturminneområdet. Tildeling av tilskot

Riksantikvaren viser til søknad av 31.01.2015 om støtte til verdiskapingsprosjektet *Kulturminneplanar som verktøy for lokal verdiskaping* frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Sogn og Fjordane fylkeskommune nærmar seg avslutning på det treårige prosjektet Lokale kulturminneplanar. Alle 26 kommunar i fylket er i gong med å utarbeide ein kulturminneplan for sin kommune. Riksantikvaren har merka seg det omfattande arbeidet som er lagt ned i involvering og gode prosessar for å stimulere kommunane i Sogn og Fjordane til å prioritere opp arbeidet med kulturminne. Vi har invitert fylkeskommunen til eit samarbeid om ei vidare satsing, med basis i prosjektet Lokale kulturminneplanar.

Erfaringane frå arbeidet med Lokale kulturminneplanar viser at prosessen fram til ein kulturminneplan mobiliserer idear, initiativ og tankar rundt kva som er gode utviklingsprosjektet. Den ferdige kulturminneplanen kan difor nyttast som styringsverktøy for å legge til rette for at utviklingsprosjekt kan realiserast.

Målsetjinga med vidareføring i eit nytt prosjekt er å vise korleis kulturminneplaner kan vere eit verktøy for lokal verdiskaping. Det skal leggast vekt på ein aktiv kopling mot næringslivet og det lokale næringsapparatet for å vidareutvikle verdiskapingsideane. Sentrale samarbeidspartnarar vil vere eit utval kommunar i fylket. I prosjektet skal fylkeskommunen utvikle gode metodar for korleis forvaltning og utviklingsaktørar kan bruke den lokale kulturminneplanen for å samordne målsettingar og forankre felles mål for bruk av kulturminna som ressurs i lokal verdiskaping. På denne måten vil kulturminneplanen gje grunnlag for lokale utviklingsprosjekt, både reine nærings tiltak, så vel som tiltak som ligg i skjæringsfeltet mellom kulturopplevingar, næring og stadutvikling.

Delmål:

- Tettare kopling mellom lokale kulturminneplanar og næringsplanar/lokalt næringsapparat
- Kartleggje prosessar som koplar kulturminneplan og utvikling av idear/tiltak som fører til verdiskaping
- Utvikling av konkrete verdiskapingsprosjekt
- Utvikle tettare kopling til frivillig sektor og skuleverk i verdiskapingsarbeid
- Større fokus på kulturminne som ressurs i stadutvikling i kulturminneplanane

Før det vert teke endeleg avgjerd om val av kommunar som kan delta i prosjektet, vil det gå ut invitasjon til alle kommunar i fylket, slik at dei får høve til å seie noko om relevansen for dei til å kunne delta. Det vert lagt til grunn eit sett med kriterier for å kunne delta, mellom anna at kulturminneplanarbeidet er kome godt i gong og at kommunen ser klare koplingar til idear og initiativ til utviklingsprosjekt. Det vil bli gjort eit utval på fem-seks kommunar og prosjektperioden er to år med planlagt start i august 2015.

**Riksantikvaren gir tilskott på 250.000 kroner til Kulturminneplanar som verktøy for lokal verdiskaping til gjennomføring av prosjektplanen i 2015 frå kapittel 1429, post 77, verdiskapingsarbeid på kulturminneområdet.**

Det vert stilt følgjande vilkår:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune løyver minst tilsvarende beløp og følgjer opp prosjektet.
2. Prosjektet må leggje vekt på å beskrive og dokumentere verdiskapingseffektane. Det er ei løpande utfordring for prosjekta å utvikle indikatorar for korleis verdiskaping kan målast.
3. Prosjektet sender ein kortfatta rapport til Riksantikvaren innan 1. februar 2016 med rekneskap og kort omtale av tiltak som er gjennomførte og oppnådde resultat. Rapporteringsskjema blir ettersendt.

På Riksantikvaren sine heimesider vil vi leggje ut ein kort omtale av kvart verdiskapingsprosjekt. Vi oppmodar alle prosjekt til å opprette eigen nettside, blogg eller Facebook-side som vi kan lenke til, og til fortsatt å ha ei aktiv haldning overfor lokale media. Ved omtale av prosjektet i media, ber vi om at Riksantikvarens deltaking i finansieringa av prosjektet vert nemnt.

Også i år vil vi invitere verdiskapingsprosjekta til nettverkssamling. Dette kjem vi attende til.

Tilskotet blir overført Sogn og Fjordane fylkeskommune ved retur av vedlagte akseptskjema. Frist for aksept er **fire veker** frå dette brevet er mottatt. Vi reknar med at prosjektet gjer seg innforstått med vilkåra for tildelinga.

Vedtaket kan klagast på til Klima- og miljødepartementet innan tre veker (jf. forvaltningsloven §§ 28 og 29). Ei eventuell klage skal stilast til klageinstansen, og med kopi til Riksantikvaren.

Vi ser fram til å følgje utviklinga i prosjektet. Ta gjerne kontakt med oss ved behov.

Lykke til med arbeidet!

Beste helsing



Elin Dalen (e.f.)



Sissel Carlstrøm  
seniorrådgjevar

Vedlegg: 2

## Aksept av vilkår for tilskot

Sendast Riksantikvaren seinast 4 veker etter dato for tilsegnsbrev. Tilskotet fell bort dersom ikkje mottakar skriftleg aksepterer føresetnadene for tilsegna.

Riksantikvarens saksnummer (*må fyllast ut*):

13/00449-114

Riksantikvaren har gitt tilsegn om tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 til:

Namn/ adresse på bygning eller anlegg/ tiltak:

Kulturminneplanar som verktøy for lokal verdiskaping

Tilsegnsbrev datert:

23.06.2015

Tilsegnsbeløp:

250 000 kroner

Eg/ vi kjenner retningslinene for tilskotet og aksepterer med dette vilkåra slik det står i tilsegnsbrevet og i vedlagte *retningsliner og vilkår for tilskot frå statsbudsjettet 2015 kap. 1429.*

Organisasjon/ Bedrift/ Eigar (Bruk blokkbokstavar)

Kontonummer

Telefonnummer

Adresse

E-post

Dato

Stad

Signatur



**Kontering** (til internt bruk for Riksantikvaren)

Konto:

8719

Koststad:

393

VP (res.mål.):

150200

Kap:

1429

Post:

77

Prosjekt (fyllast ut etter behov):

Kulturminneplanar som verktøy for lokal  
verdiskapingInnsatsnummer (fyllast ut etter  
behov):

Tilsegningsnummer:

150770014

Delutbetaling

Avslutta

Beløp:

250 000 kroner

Bankkontonr. til mottakar (berre ved  
utbetaling):

Felt for merknad (eventuelt):

## Retningslinjer og vilkår for tilskot frå Statsbudsjettet kap. 1429

### 1. Generelt om bruk av tilskot

Midlane frå statsbudsjettet kapittel 1429 skal primært brukast til sikring, vedlikehald og istandsetjing av bygningar og anlegg. Ein mindre del av tilskotsmidlane kan brukast til prosjektering og prosjektleiing. Tilskotsmidlar skal ikkje dekkje innvendig standardheving, moderne tekniske installasjonar eller endringar i samband med tilrettelegging for annan bruk.

**Det er ein føresetnad for utbetaling av tilskot at arbeida blir gjennomført slik som det blir spesifisert i tilsegnbrevet og at vilkåra nedanfor blir følgde.**

### 2. Opplæring/kompetanseutvikling

Tilskotsmidlane skal, der det er mogeleg, kombinerast med opplæringsordningar, slik at kompetansen blir heva og talet på handverkarar / arbeidarar med erfaring frå antikvarisk istandsetjing aukar.

### 3. Informasjonsplikt

Tilskotsmottakar pliktar skriftleg å underrette Riksantikvaren/fylkeskommunen dersom nokre av føresetnadene for gjennomføring (teknisk/fagleg, økonomisk eller: framdriftsmessige) endrar seg slik at prosjektet ikkje let seg gjennomføre. Dersom noko uventa oppstår, skal det meldast frå. Det må søkjast spesielt om eventuell omdisponering av midlane.

### 4. Tilsegna er tidsavgrensa

Tilsegna er gitt for inneverande år. Det kan overførast til neste år etter søknad. Etter 2 år fell tilsegna bort.

### 5. Utbetaling

Tilskot kan utbetalast etter kvart som mottakaren har behov for å dekkje aktuelle utgifter. Utbetalingstakten vil stå i forhold til storleiken på tilskotet og på framdrifta til prosjektet. Forskotsutbetaling kan avtalast spesielt. Utbetaling skal normalt skje på grunnlag av utbetalingsoppmoding frå tilskotsmottakar saman med rapport og rekneskap. Utbetaling skal normalt skje innan 1. november. Riksantikvaren/fylkeskommunen har rett til å halde tilbake heile eller delar av tilsegnsummen inntil sluttrekneskap og rapport er motteke. Dersom prosjektet har andre finansieringskjelder, må tilskotsmottakar dokumentere at øvrige finansieringar er i orden i samsvar med finansieringsplanen, før utbetalinga vil finne stad.

### 6. Aksept

Stadfesting på at retningslinjer og vilkår for tilskotet er aksepterte skal sendast Riksantikvaren/fylkeskommunen før fyrste utbetaling finn stad. Aksepten gjeld både i forhold til formuleringar i tilsegnbrevet og i dette vedlegget.

### 7. Rapport og rekneskap

Snarast mogeleg, og seinast tre månader etter at prosjektet er avslutta, skal det sendast rekneskap og sluttrapport. Rapporten skal innehalde relevant dokumentasjon (fotografi, teikningar og liknande) som klart viser korleis arbeidet er gjennomført og om måla for tiltaket/prosjektet er nådde. Dersom arbeida går over fleire år, skal det sendast inn rapport og rekneskap ein gong i året. Ved prosjekt som mottek større tilskot enn kr. 250.000, skal rekneskapen vere attestert av revisor. Ved prosjekt som mottek mindre tilskot, kan Riksantikvaren/fylkeskommunen krevje at det blir sendt kopi av rekneskapsvedlegg.

### **8. Tilbakebetaling**

Riksantikvaren/fylkeskommunen tek atterhald om at tilskotet kan bli kravt tilbakebetalt heilt eller delvis dersom mottakar gir urette opplysningar. Dette gjeld også om kostnadene viser seg å verte vesentleg lågare enn budsjettert i søknaden, eller dersom tiltaket ikkje vert gjennomført etter føresetnadene.

### **9. Større utstyrsinnkjøp.**

Større utstyr bør i størst mogleg grad leigast. Dersom det klart fell gunstigast ut, kan slikt utstyr kjøpast. Tilsegnsmottakar gjer sjølv ei vurdering av kva som er mest lønnsamt. Større utstyr som er innkjøpt blir staten sin eigedom dersom staten er hovudfinansierings kjelda. Utstyret kan krevjast tilbakelevert når prosjektet er avslutta. Materialliste skal til ei kvar tid haldast oppdatert, og leggjast fram ved avslutninga til prosjektet.

### **10. Forsikring**

Det er ein føresetnad at bygningar og anlegg som mottek tilskot, er forsikra. I særlege tilfelle kan Riksantikvaren/fylkeskommunen fråfalle kravet om forsikring.

### **11. Oppfølging og kontroll.**

Av tilsegnsbrevet går det fram kven som har ansvar for å følgje opp dei antikvariske sidene av istandsetjinga med rådgjeving og kontrollere og godkjenne dei gjennomførte arbeida. Same styresmakt skal kontaktast dersom uventa ting oppstår undervegs.

Under tilvising til Tilskotsreglementets § 10 gjer vi merksam på at Riksantikvaren har høve til å føre kontroll med at tilskotet blir brukt etter føresetnadene. Riksrevisjonen har tilsvarende kontrollhøve heimla i lov om riksrevisjonen av 7. mai 2004 § 12.